

Viktige prinsipp for ei god normering av nynorsken

Hovudprinsipp

Arbeidet til nemndi

Nemndi har kome med eit dårleg framlegg, som i realiteten er vidareføring av samnorsknormeringi. Framlegget er basert på statistikk føre system, og er meir rotete og inkonsekvent enn nynorsken nokon gong har vore.

Nemndi har gjeve høyningsinstansane og andre interesserte altfor kort høyningsfrist (under ein månad). Dei har i tillegg kome med upassande kommentarar på diskusjonsforumet (www.nynorsk2011.org), som at folk skriv ut ifrå sin personlege ståstad og manglar pedagogiske argument.

Normering i hovudtrekk

Me bør fylgja ljodlæra og oppretthalda ein viss valfridom. Midtlinjeformer og tradisjonelle former bør prioriterast. Me bør distansera oss frå samnorsken.

Viktige prinsipp i normeringi

- 1) Det må leggjast vekt på pedagogikk og system.
- 2) I ord som omfattast av ljodlæra, kan me skjera ned på valfridomen ved å velja den formi som opnar for flest uttalemåtar.
- 3) I andre ord bør ein oppretthalda ein viss valfridom, og leggja stor vekt på former som er utbreidde i dialektane der nynorsk er skulemål.
- 4) Me bør vera rause med valfridomen i bøygning av substantiv, adjektiv og verb.
- 5) Markerte og/eller lite nytta tilnærningsformer, samt former som øydelegg det nynorske skriftbiletet må strykast.

Innspel og meininger

Høyringsspørsmåli frå nemndi

Nemndi har kome med nokre spørsmål som høyringsinstansane lyt svara på. Her er mine synspunkt kring desse.

Berre *-leg*, ikkje *-lig*

Det er fornuftig å gjera *-leg* til eineform. Denne formi har lang tradisjon, og er godt innarbeidd.

Berre *-stilling*, ikkje *-stelling*

Formene *-stilling* og *-stelling* bør framleis vera valfrie. Dersom me lyt velja berre ei av formene, er det *-stelling* som bør prioriterast. *Førestelling* bør framleis vera eineform.

Valfri *j* i verb, som *legg(j)a*, *søk(j)a*

Den *j*-lause formi må gå ut or rettskrivingi, slik at formi med *j* vert eineform. Det er av di dei *j*-lause formene øydelegg skriftbiletet.

Verbalsubstantiv på *-ing* bør igjen få obligatorisk *j*. Det bør altso heita *leggja* – *leggjing* og *søkja* – *søkjing*. Dette vert meir konsekvent.

Obligatorisk diftong i ord som *drøyma*, *høyra* og *køyra*

Det er fornuftig å gjera diftongane til eineformer. Dette høver best i skriftbiletet. Eg er skeptisk til å stryka diftongformer som *baune*, *laugsta* og *laup*. Formi *ty* (*verkty*) bør verta eineform. Formene *tog* og *trog* må få stå.

Enkle og doble konsonantar

Nær alle enkelkonsonantformer bør få stå i rettskrivingi. Ein del former som *kjøtt*, *kjøkken*, *bispedømme* og *bønn* må gå ut or normi, av omsyn til tradisjonen og skriftbiletet. Det er enkelkonsonantformene som bør setjast i høgsætet, ikkje dobbelkonsonantformene.

Valfri samsvarsbøygning

Samsvarsbøygning må vera obligatorisk! Ei slik utflating av nynorsken vil verkeleg øydeleggja skriftbiletet, og reglane for samsvarsbøygning er ikkje vanskelege å læra.

Valfritt subjekt/objekt (*de el. dykk - dykk*)

Tidi for å tillata ei sams subjekts-/objektsform er ikkje inne endå. Skiljet finst framleis i dei fleste dialektane. Regelen er ikkje vanskeleg å læra. Dersom *dokke(r)/dåkke(r)* skal inn i normi, må skrivemåten vera med *o*.

Objektsformi *honom* bør framleis få vera med i rettskrivingi.

Stryking av dobbelformer i høgfrekvente ord

Å stryka former som *skole*, *mye*, *[noen]* og *[bare]* er eit svært fornuftig grep for å føra nynorsken inn att på eigen grunn.

Kløyvd infinitiv

Kløyvd infinitiv bør framleis få vera med i rettskrivingi.

I-målet

I-målet må få stå! Dette målet er vakkert og har lang tradisjon. Det står sterkt i litteraturen og i mange talemål. Den minimale bruken i dag skuldast systematisk undertrykking. Moglegheiti for i-endingar er ikkje i vegen for dei som nyttar a-endingar, men gjer nynorsken lettare å lika for mange.

Anna

Ljodlæra

Ljodlæra må fylgjast, og former som *[sæter]*, *brote*, *[grum]*, *[bylgje]*, *verkty*, *[plome]* og *daning* må ikkje takast ut or rettskrivingi. I valet mellom *y* og *ø* bør *y* verta eineform i mange ord (*syster*, *fyrst*, *fylgja*). Former som *[nå]*, *kjøtt*, *møkk*, *kjøkken*, *bønn* og *[koppar]* må strykast frå normi.

Omsyn til talemåli der nynorsk er skulemål

Utbreidde tradisjonelle former som *jarn*, [*horv*], *kvåe*, *kleppfisk*, *ikorn*, [*klyppa*], *sjoda*, *snør*, [*tunn*], [*turr*], *mæla*, *tog*, *verkty*, *kikert*, *plome*, *gimber* og *verde* må framleis få vera med i normi.

Normering på eigen grunn

Tradisjonelle former som framleis vert nytta må prioriterast. Ein heil del samnorsm må strykast. Former som *lamb*, *vomb* og *timber* kan med fordel takast inn att.

Nemndi oppi det heile

Nemndi seier at nynorsken skal normerast på eigen grunn. Dette gjer dei ved å stryka nokre fåe samnorskformer. Elles er framleggget deira eit langt steg nærmare samnorsk. Arbeidet deira er därleg, og argumentasjonen mangelfull.

Nokre serleg viktige former

Fylgjande delar av bøygningsmønstri er serleg viktige å halda på i rettskrivingi:

- ❖ I-målet (*bygdi*, *husi*, *liti*, *opi*)
- ❖ Auga-bøygningi (*auga* – *augo*)
- ❖ Fleirtal på *-ar*, *-ane* i hankjønnsord på *-a* og *-nad*
- ❖ Kløyvd infinitiv

Det er òg ynskjeleg å halda på fylgjande:

- ❖ A-ending i linne hokjønnsord (*ei visa*, *ei jenta*)
- ❖ Fleirtal på *-or*, *-one* i linne hokjønnsord

Fylgjande delar av bøygningsmønstri er serleg viktige å stryka frå rettskrivingi:

- ❖ Fleirtal på *-er*, *-ene* i hokjønnsord som *elv*, *myr* og *hes*
- ❖ Inkjekjønnsformi [*opent*]

Fylgjande former er serleg viktige å halda på i rettskrivingi:

- ❖ *Jarn*
- ❖ *Klyppa*
- ❖ *sjoda* (og liknande)
- ❖ *nöt* (og liknande)
- ❖ *so*

- ❖ *tunn*
- ❖ *turr*
- ❖ *tog og trog*
- ❖ *laup og laupar*
- ❖ *bøygning*

Fylgjande former er serleg viktige å stryka frå rettskrivingi:

- ❖ Samnorskformer som *[nå]*, *da*, *skole*, *mye*, *[noen]* og *[bare]*
- ❖ Monoftongformer som *køyra* og *røyr*
- ❖ J-lause former som *[bygga]* og *[tenka]*